


Treng 2 meter av kommunen

27.02.2011



**Planleggjinga av ein utvida butikk er i full gang og no
har Nilsen Eigedom søkt kommunen om å få kjøpa
ein del av eit areal som
kommunen eig..**

**Dei ynskjer å kjøpa eit felt som er 2 meter breitt - frå den kommunale
vegen og inn på det området som selskapet nyleg har kjøpt
av Torfinn Mykebust.**

Det aktuelle arealet er det som er markert med blått på skissa over og som altså ligg langs Sandavegen mellom oppslagstavla og det innkjøpte området. Det siste er markert med stripene.

Dagleg leiar Bente Nilsen skriv til kommunen at dette trafikkmessig er ein flaskehals ned mot butikken og kaiområdet.

Ved ei utviding av butikken ynskjer Nilsen Eigedom å sikra ein tryggare trafikkmessig adkomst ved utviding av vegen i dette området, understrekar Nilsen.

Av Ola Matti Mathisen